

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 7
Desember 2012
Årgang 3

NLF gratulerer Elisabeth Kværne med Rff-prisen 2012!

Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff) har tildelt folkemusikaren Elisabeth Kværne (f. 1953) Rff-prisen for 2012. Ho får prisen for ein lang og omfattande innsats på ei rekkje område for den norske folkemusikken og folkedansen, og i særleg grad langeleiken og langeleikspelet.

Les pressemeldinga på side 3



- Om Berit på Pynte
- 900 000 årleg i ti år til instrumentmaking!
- Munnharpe- og langeleikfestivalen 2012.
- Nordic Harp Meeting
- Nye CD-ar



Leiaren har ordet:

Gode langeleikvener!

Midt i julestrevet håpar eg at du tek deg tid til å setja deg godt attende i godstolen med stearinlys, ein tekopp og siste utgåva av Snerten!

Eit år går så altfor fort, med mykje som skulle vore gjort, men og mykje som har vorte gjort. Det er mykje aktivitet blant mange utøvarar på langeleik, og dette visest godt på mange arenaer:

Elisabeth Kværne vart i haust heidra med pris frå Rådet for folkemusikk for alt arbeidet ho har gjort for folkemusikken og særleg langeleiken. Vi er stolte av deg Elisabeth!

Gledelege hendingar som CD utgjevingar:

Lise Lunde Brennhagen og langeleikutøvarar frå Hallingdal har gitt ut CD- ar med langeleikspel, og ryktene går om fleire som har planer for neste år!

Arkivopptaka med Olav Snortheim fekk Folkelarm sin pris for beste dokumentar, og Marit Karlberg i duoen Sudan Dudan og Ingvild Lie i trioen Blått Gådn har og hatt stor suksess med langeleikspelet!

Dette syner at langeleiken er i godt driv og at det er eit instrument med mange fasettar og uttrykk som vi vonar at enda fleire kan få høve til å høyra og bruke.

Samarbeid er viktig for å få dette til, og forumet ynskjer at vi kan ha ein enda betre dialog med medlemmene. Saman er vi sterke, heiter det, og denne krafta bør vi nytta godt! I FolkOrg skal styret handsama framlegg til endringar i kappliekføresegnene slik at lag spel på langeleik kan koma inn att på kappliekane.

Første helga i februar er det planlagt årsmøte og helgesamling på Folkemusikk-senteret i Buskerud, og vi håpar at mange kan ta turen dit!

Ha ei fredelig og god jul og godt nytt år!

Helsing styret v/ Marit Steinsrud



Elisabeth fekk pris!

Vi har saksa pressemeldinga som kom i samband med denne tildelinga:

Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff) har tildelt folkemusikaren Elisabeth Kværne (f. 1953) Rff-prisen for 2012. Ho

får prisen for ein lang og omfattande innsats på ei rekkje område for den norske folkemusikken og folkedansen, og i særleg grad langeleiken og langeleikspelet. Kværne har også drive innsamlingsarbeid, vore aktiv på organisasjonsfeltet, drive undervisning, hatt ei rekkje nasjonale og lokale verv og arbeidd som folkemusikkarkivar ved Valdres folkemuseum på Fagernes.

Elisabeth Kværne er oppvachsen i Skottland, Bærum og i Aurdal i Valdres. Ho har utdanninga si frå Universitetet i Oslo med fagkrinsen musikkvitenskap, folkeminnevitskap og folkelivsgranskning. Kværne har hatt store delar av arbeidskarrieren sin på Valdres folkemuseum på Fagernes, der ho sidan 2004 har vore fast tilsett folkemusikkarkivar i 60 % stilling. Ho har lagt ned ein stor innsats for folkemusikkmiljøet i Valdres på mange ulike områder, mellom anna som distriktsmusikar i Valdres i åra 1995-1997. Ho har også førelese både ved Ole Bull Akademiet på Voss og på Norges musikkhøgskole i Oslo. Kværne er i tillegg gardbrukar heime i Aurdal, der ho har drive mjølkeproduksjon og skogbruk sidan 1978.

Elisabeth Kværne er aktiv som utøvar og deltek jamleg på konsertar, erindringskveldar, samt lokale og nasjonale kappleikar. Ho har også medverka i debattprogram og konsertar med fokus på nedteikningane til L.M. Lindeman, i tillegg til fleire turnear om Lindeman for folkeakademiet i lag med forfattaren og musikkforskaren Øystein Gaukstad og kvedaren Agnes Buen Garnås. Kværne var også ein sentral pådrivar for utgjevingane av Lindeman sine folkemusikknedteikningar, ført i pennen av Øystein Gaukstad.

Kværne har vore aktiv som plateartist og gav mellom anna i 1985 ut albumet *På langeleik*, som ho året etter fekk Spellemannprisen for. Som utøvar har ho også formidla historia om musikken og kjeldene ved ei rekkje turnear i regi av Rikskonsertane, åleine og i lag med spelemenn som til dømes Torleiv Bolstad. I 2005 fekk ho Nord-Aurdal kommune sin kulturpris, og i 2006-07 mottok ho Statens arbeidsstipend for folkekunstnarar.

Elisabeth Kværne har også lagt ned ein stor innsats innanfor organisasjonsarbeid og har særleg spelt ei sentral rolle som medlem i Rådet for folkemusikk og folkedans i åra 1990-2004. I ein periode var ho også

nestleiar. I tillegg har Kværne vore med i ei rekke komitear og utval, mellom anna i utvalet som laga utgreiinga om dei norske instrumentbyggjartradisjonane (2009). For tida arbeider ho med eit registrerings- og forskingsprosjekt om langeleiken si historie og utvikling i lag med folkemusikk- og instrumentforskaren Bjørn Aksdal.

900 000 til instrumentverkstaden på Fagernes

Tekst: Ole Aastad Bråten

Frå Kulturdepartementet har Valdresmusea fått ei auke på 900 000 i årleg auka frå kultur-departementet. Og, hald dykk fast, vener av langeleiken, auka er øyremerka vidareutvikling og drift av instrumentverkstaden på Valdres Folkemuseum.

Truleg fører tilskottet til at det blir laga fleire langeleikar, fleire dansedokker, fleire feler, ja, meir av det meste. Og ikkje nok med det, støtta gjer det mogleg å tilsette både eigne instrumentmakarar, og vonleg kan vi stille husrom for handverkarar som ynskjer ei litt lausare tilknyting til museet òg.



På museet drøftar vi korleis vi konkret skal nytte oss av tilskottet. Bygging av nye instrument er opplagt ei viktig oppgåve. Men, konservering av antikvariske instrument i private og offentlege samlingar, formidling, forsking og dokumentasjon er ei minst like viktige oppgåver.

900 000 er mykje pengar, men tenk på så uendeleg mykje meir det blir når ein tenkjer på at dette er eit tilskott som kjem kvart år. Vi får håpe det gjeld til evig tid. Store summar, til trass, vi lyt ta ein ting om gongen. Omgjering av eksisterande instrumentverkstad og tilsetting av ein ny instrumentmakar synest realistisk allereie frå og med 2013.

På museet drøymer vi om betre vilkår også for dei andre handverkarane. Ein raud gardslåve har vi fått tilbod om å overta. Per tid har vi ikkje pengar til noko slikt, men ein kan kanskje håpe at eigarane våre, kommunane, vil bidra.

Om Berit på Pynte (1812-1899)

Tekst: Elisabeth Kværne



Madam Ulnæs i Møllergata. Vi kan tenkje at dette er eit vanleg losji for Valdrisar på bytur.

Han kunne ha høyrt om Berit alt på si fyrste samlarferd til Valdres sommaren 1848, der han skreiv opp låttar etter langeleikspelarane Ingri Garthus og Ragnhild Viken.

Sidan Lindeman etter kvart var kjent for si interesse for å samle folketonar, er det ikkje utenkjeleg at gründaren Berit på Pynte oppsøkte han ettersom det nok var kjent at han betalte godt for Tonefangsten.

Berit var altså fødd 11.12.1812 på Los Vøllo i Lomen. Foreldre var Tørris Toreson Gryte og Matiy Jermundsdatter Jomen. Berit hadde to systre, som båe spelte langeleik, og ein bror.

"Thi lykken vender seg ofte om", skreiv folketonesamlaren L.M.Lindeman i eit brev til kona Aminda då han hadde kome til Frydenlund på si andre samlarferd i Valdres i 1865. Han var skuffa over at folk i Valdres hadde kasta vrak på så mykje av det gamle, men fast i trua på at ein rik Tonefangst venta rundt neste sving. Og det gjorde det. For vel attende i Christiania kom han i kontakt med jamnaldringen Berit Tørrisdatter på Pynte.

I Christiania hadde Lindeman fått melding om at Berit på Pynte var i byen og logerte hjå Enersen, rett ved sida av

I 1837 vart ho gift med Andris Skjefe, ein namngjeten bjødnjeger frå Høre. Dei fekk to søner, som både vart døypte Andris, og ei dotter, Sigrid, som truleg døydde same året ho vart fødd.

Sønene vart etterkvart gifte med mor og dotter på Løcken.

Lindeman skreiv opp 18 låttar etter Berit:

Dette er "7 hallinger, 2 bondelaatter, 1 vals, 2 springlåtter, 6 lydarlåtter, 2 av dei har segn. "

4 låttar går i tredelt takt, to er springdansar, ein vals og ein lydarlått spelt som springar, resten går i todelt takt. Av dei er heile 8 hallingar, 2 bondelåtter, som kan og vere spelt som hallingar, og 5 lydarlåtter, der ein (Gjete-Jahaslåtten) går i tredelt takt.

Spelar ein låttane, ser ein at mange former er nærskylde. Einskilde motiv og vendingar går att, og det vil vere nærliggande å sjå fleire som variantar av same lått.

Låttane høyrer til eit eldre repertoar eller låttetilfang, med utgangspunkt i ei tonekjensle der tonestega skil seg frå den heil- og halvtoneskalen vi kjenner som durskalaen i dag. Denne "moderne" skalaen vart introdusert gjennom opplæring med salmodikon i Valdres på 1840 talet, og i Øystre Slidre take i bruk på langeleiker alt på 1860 talet. Lindeman noterte tonestega Berit brukte på leiken sin, og dei er og tydeleg å lesa på langeleikene som er teke var på etter henne. Sjølv var ho medvite om verdien av dei særprega låttane, og mana etterfylgjarane sine til ikkje å endre tonestega.

Berit var nøyne på at ingen skulle endre tonaliteten på langeleikane hennar. Til sonedottera, Marit Røang, sa ho: "Du må 'kje la nokon laga um notadn på 'o! ". At så mange låttar etter Berit vart borte frå dei levande langelektradisjonane, kan skuldast at dei ikkje høvde så bra på den moderne durskalaen. Ein reinlender overlevde gjennom Ola Brenno, elles har det vore mange nye låttar å lære for små og store langelekspelarar i jubileumsåret!

Biletet er teke på Valdres Folkemuseum under konsert i samband med markeringa av Berit. Elisabeth Kværne saman med dottera Ingrid. Legg merke til ferdaskrinet til Berit. Foto: G.H



Munnharpe- og langeleikfestival i Bø



Festivalmusikar Svein Westad. Foto frå munnharpe.no

For tredje år på rad hadde Norsk Munnharpeforum og Norsk Langeleikforum festival saman. Denne gongen møttest vi i Bø i Telemark 21. - 23. september. Her var det samla utøvarar frå begge fora til kurs, konsertar og trivelege møte mellom kulturar.

Festivalmusikar var Svein Westad som trakterde munnharpa så vel som langeleiken. Han hadde ein god konsert laurdagskvelden der han både spelte og fortalte frå spelemannslivet sitt.

Brørne Niels og Anders Røine hadde ei økt under tittelen "Ikke bare i Adur". Her viste dei oss korleis dei er i ferd med å bygge om ein langeleik til å bli meir funksjonell i samspel med andre instrument og på store scener der det trengst volum. Dei har utvikla eit system som fristiller skalaen slik at ein på ein enkel måte kan variere mellom gamle skalaer og dur og moll. Innebygd mikrofon syrgjer for volum. Interessant, og det skal bli moro å fylgje desse karane vidare i arbeidet.



Niels og Anders Røine med nyskapinga. Foto: GH

Anders er også multimusikar, og hadde forska på samanhengen mellom slag, snert og boge. 40-50 låttar var frigjevne frå NRK-arkivet, og i dette materialet meinte han å finne spor av eldre langeleiktradisjonar. Han demonstrerte korleis strokfigurar og rytme saman fekk låtten til å svinge på den spesielle måten som vi likar så godt.

Helga hadde også rom for besøk på Folkemusikkarkivet saman med Kari Lønnestad. Men det var også eigenaktivitet gjennom kurs.



Gøril Ramo Håve var instruktør for Aud Astrid Reggestad og Ingrid Hals.



Interessant samspel med Vladimir Markov og Irina Bogatyreva frå Russland

Nordic Harp Meeting 2012

Årets harpetreff – det femte i rekken - fant sted i Jyväskylä i Finland 18.-21. oktober. Her var det samlet folk fra hele Norden, i tillegg til deltakere fra England, Tyskland og Tsjekkia. Treffet har som formål å samle langeleik-, harpe-, kantele- og lyreutøvere, byggere og interesserte. Det utveksles låter, holdes konserter og workshops og instrumentmakere stiller ut sine instrumenter. I år var det naturlig nok ekstra fokus på ulike kanteletyper siden treffet ble holdt i Finland og alt foregikk i Pelimannitalo, spelmannsstua til det lokale folkemusikklaget, det det også var en flott kanteleutstilling.

Rauno Nieminen, den mest kjente, finske instrumentbyggeren, hadde blant annet et foredrag, «Researching instruments by building them», der han delte erfaringer fra sine inngående studier og rekonstruksjoner av gamle kanteler og strykelyrer. Ganske smalt, men svært relevant i forhold til f.eks. langeleikbygging i Norge. Det var ellers mange kurs å velge mellom, - en kunne få tips om oppmikking av instrumenter, forskjellige spilleteknikker, hvordan en kunne lage strenger av hestetagl, hvordan en kunne bruke



Marit underviser ivrige finner i Jyväskylä.

disse kunne overføres til andre instrumenter. Vi får håpe at flere deltakere fra Norge blir med på neste harpetreff som blir i Sverige 31. oktober – 3. november. Sett av datoene!!

Gå inn på nordic-harp-meeting.se for mer informasjon!

instrumenter i

historiefortelling, improvisasjon og overføring av tradisjonell musikk mellom de ulike instrumentene, for å nevne noen.


Langeleiken var representert av Marit Steinsrud, som sammen med Stein Villa

hadde kurs i tradisjonelle langeleiklåter og hvordan

OLAV SNORTHEIM - LANGELEIK - VINNER AV ÅRETS PRIS I KATEGORIEN DOKUMENTASJON UNDER FOLKELARM 2012

Årets folkelarmpris, folkemusikkens egen platepris, ble delt ut fredag 21. september på Schjøtstuene i Bergen. Prisen går de til beste utgivelsene i fire kategorier: Solo, tradisjonelt samspill, dokumentasjon og åpen klasse. I tillegg deles det ut en hederspris.

Olav Snortheim fikk prisen i kategorien dokumentasjon for utgivelsen «Langeleik».



Ny plate!

Saksa frå Etnisk Musikkklubb sine sider:



"Folkemusikken og langeleiken har betydd og betyr utruleg mykje for meg! Eg spelar stort sett Valdressstoff, og det går mest i springar, halling og lyarlåttar, men spelar også noko runddanslåtter. Eg spelar låtter i ulik tradisjon, men dei eg har brukt mest er: Olav Snortheim, Ola og Ragna Brenno og Barbro Myhre. Eg er fødd i 1985, og er busett på Fagernes. Eg byrja å spela som 8-9 år, og gjekk då i lære hjå

Guri Marie Hegge i 3 år. Ho har betydd mykje for meg og mi langeleikkarriere. Sidan spelte eg mykje i lag med Marit Steinsrud på Gjøvik og langeleikgruppa der. Ellers har eg vore med på folkemusikk-kurset «Strunkeveko» på Leira seks gonger, der eg lærte av Brøtagutadn (Knut og Ole Aastad Bråten), Bergljot Hedda Lunde og Gøril Ramo Håve. Det var veldig lærerikt og sosialt og eit av årets høgdepunkt i løpet av dei åra. Eg fekk prøve meg som langeleiklærar i kulturskulen i Nord-Aurdal og Vestre Slidre i eit år frå 2003-2004. Det var ei nyttig og lærerik erfaring. ”

Lise vann A-klassen for beste langeleikspel på Landskappleiken 2010 og dermed platekontakt med Etnisk Musikkklubb det året.

Set av helga 1. -3. februar til årsmøte i Norsk Langeleikforum.

Årsmøtepapir med praktiske opplysningar blir sendt ut fyrst i januar 2013.

God Jul

Dagens låttestev:

Kari, Kari, kor ha du være,
Du e so bbøsut på rygge di.
Du ha ver være i Rausandlåva
O støle drøse i pøsin din.
Ja, mene unga dei vørø svøltne,
Dei gret o vilde ha meire mat.
Ko ska ein stakkar då anna gjera
Ner mann han e både dum o lat.

Drøse er ureinska korn etter tresking
Låttestev til springaren "Raklekjølkin".
Teksten har Anna Fuglesteg etter Anne
Nøbben. Nedskrive i boka "Anna,
tradisjonssong frå Valdres"

Heimeside er under utarbeiding:
www.langeleikforum.no

Kontakt oss gjerne!

langeleikforum@gmail.com

Styret i Norsk Langeleikforum 2012

Leiar:

Marit Steinsrud
Odnesvegen 561
2822 BYBRUA
Tlf 41 20 29 84

Kasserar:

Turid Berge Endrerud
Granstien 40
2817 GJØVIK
Tlf 934 52 808

Sekretær:

Gunvor Hegge
Bygdinvegen 2722
2950 SKAMMESTEIN
Tlf 907 40 702

Styremedlem

Sigurd Braathen
Oskars gate 64 E,
1706 Sarpsborg
Tlf 951 72 708

Styremedlem

Lise Lunde Brennhagen
Tingnesveien
2900 FAGERNES
Tlf 920 99 521